



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.11.2014  
Vår ref.: 2014/11260  
Arkivnr.: 521.1

Lund kommune  
Moiveien 9  
4460 Moi

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om forvaltningskontroll i Lund kommune**

Vi viser til brev datert 21.01.14 der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2014. I brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll i Lund kommune i løpet av hausten 2014. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen. Kontrollen er fastsett til tysdag **25. november 2014**.

### **Bakgrunn for forvaltningskontrollen**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, og vi har valt m.a. å rette kontrollen mot Lund som er eit lite kontor og som er sårbart i forhold til personalendringar.

Heimel for kontrollen er forskrift av 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

### **Informasjon om kontrollen**

Som tema for kontrollen vil vi sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. I tillegg kan tema som reaksjonar ved avvik, driftsfellesskap, risikovurderingar ved føretakskontroll vere aktuelt. Vi vil og sjå korleis kommunen forvaltar ordninga med skog, inkl. NMSK og foryngingsplikta. Vidare vil vi sjå på korleis SMIL-midlane vert forvalta.

Vi vil kome tilbake til meir detaljar rundt sjølve tema , og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med fylgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte – informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju og gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte – oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk samt sakshandsamar. I tillegg er det eitt ynskje om at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta på formøtet og sluttmøtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy, Sissel C. Endresen, Ragnhild Hole, Nono Dimby og Morten Svanes møte.

Ta kontakt om det er spørsmål vedkomande gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Ragnhild Hole  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

—  
Saksbehandlar: Ragnhild Hole  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 81  
E-post: fmrrho@fylkesmannen.no